
Denne skyformasjonen danna seg over Ulla. Kva er dette for noko? *Foto: Eldar Johannes Fjørtoft*

# Rullande skyer over Ulla

**Eldar Johannes Fjørtoft fotograferte dette uvanlege vêrfenomenet. Kva kjem dette av?**

– Denne skyformasjonen var å sjå ved Ulla den 7. august, eg har prøvd å finne ut kvifor dei oppstår, men fann ikkje noko liknande i bileta til Metorologisk Institutt, seier Eldar.

Skyene er forma som ein rull på biletet, og ser både faretruande og fascinerande ut.

Ifølge yr.no høyrer slike skyer til ein skytype som blir kalla Arcus.

Dei har ei særeigen form og utgjer den leiande ytterkanten av eit uvêr. Dei kan oppstå i samanheng med torevêr og vind, og er gjerne også knytt til ein kaldfront – altså grensa mellom to luftmassar som er av ulik temperatur.

I Norge er dei ikkje så vanlege.


Rulleskyer er ikkje så vanleg i Norge. *Foto: Eldar Johannes Fjørtoft*

## Rulleskyer

Arcus-skyer kan delast inn i to ulike typar skyer: hylleskyer og rulleskyer.

Hyllesky er som ei horisontal kileforma sky medan ei rullesky, slik som vi ser på bileta til Eldar, er ein låg, horisontal, røyrforma og relativt sjeldan type Arcus-sky.

Rulleskyer ser vanlegvis ut til å «rulle» rundt ein horisontal akse. Denne rullinga kjem av variasjonen i fart og retning av vinden.

Slike fenomen kan òg skapast av nedtrekk frå torevêr eller aukande kaldfront. Sjølv om desse skyene er sjeldne i Norge, er dei ikkje berre knytt til kystområde. Det har også vore rapportert om rulleskyer på innlandet.

**MARTE FJØRTOFT**
marte@haramsnytt.no



Slike skyer kan oppstå i samanheng med torevêr og vind. *Foto: Eldar Johannes Fjørtoft*

**Haramsnytt AS**
Postboks 53 – 6282 BRATTVÅG
Org. nr: 979 647 972
Telefon: 70 20 84 80
**Trykk:** Polaris Trykk Ålesund AS

**Kontor Brattvåg:**
Skjelt-Ole Bakken 24, Brattvåg
Måndag–fredag: 08.00–16.00

redaksjon@haramsnytt.no
annonse@haramsnytt.no
www.haramsnytt.no

**Annonsefrist:** tysdag kl. 12.00

**Torget (rubrikkannonser):**
Bestill på haramsnytt.no/minside/torget

**Gratulasjonar, takkeannonser m.m:**
Bestill på haramsnytt.no/minside/gratulasjoner

**Abonnementsprisar:**

| | |
|---|---|
| Komplett, heilår: | 2100,– |
| Komplett, halvår: | 1100,– |
| Digital, heilår: | 1600,– |
| Digital, halvår: | 900,– |
| UNG u/34 år, komplett | 1600,– |
| UNG u/34 år, digital | 1100,– |

**REDAKTØR, DAGLEG LEIAR OG BLADSETJAR**
**Åshild Fjørtoft**
Tlf. 416 80 550
aashild@haramsnytt.no

**JOURNALIST**
**Malin Lausund Lillevold**
Tlf. 464 17 701
malin@haramsnytt.no

**JOURNALIST**
**Rolf Hansen**
Tlf. 924 78 303
rolf@haramsnytt.no

**INNHALDSPRODUSENT**
**Marte Fjørtoft**
Tlf. 948 64 131
marte@haramsnytt.no

**ØKONOMIKONSULENT**
**Oddhild Hellandsvik Sandøy**
Tlf. 919 95 839
oddhild@haramsnytt.no

Haramsnytt har forplikta seg til å følgje Redaktørplakaten. Plakaten seier mellom anna: «Ein redaktør skal alltid ha dei ideelle måla til dei frie media for auge. Redaktøren skal verne om ytringsfridomen og etter beste evne arbeide for det som etter hans/hennar meining gagnar samfunnet. Gjennom sitt medium skal redaktøren fremje ei sakleg og fri informasjons- og opinionsformidling. Redaktøren skal leggje vekt på at det i journalistikken står klart for mottakaren kva som er reportasje og formidling av informasjon og fakta, og kva som er mediet sine eigne meiningar og vurderingar.»

PRESSENS FAGLIGE UTVALG

Haramsnytt arbeider etter reglane for god presseskikk i Ver varsam-plakaten. Meiner du at du er råka av urettmessig avisomtale, oppmodar vi deg om å ta kontakt med redaktøren.

Pressens Faglige Utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presseforbund. Utvalet handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.
**Adresse:** PFU, Postboks 46 Sentrum, 0101 OSLO
**Telefon:** 22 40 50 40,
**E-post:** pfu@presse.no

Haramsnytt er medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA).